INFO TIL JØSNESBUEN:

ODD NORSTOGA-KONSERT på Sand

Mand 01 des kl 19.00 held den folkekjære artisten konsert i kulturhuset på Sand, og me tenkjer å reise i samla flokk. Me organiserer buss ev +personbilar. Billettpris kr 350 vaksne og 175 barn. Bindande påmelding innan 1.november.

Eg/me er interessert: _____Namn_____Tlf

----------klipp her

JØSNESPOSTEN

Sjølv om skulen er nedlagd, tek me sikte på å få produsert den populære og tradisjonsrike JØSNESPOSTEN òg våren 2015. Rasin Tjeltveit har lang erfaring med dette arbeidet; og har påtatt seg rollen som redaktør. Oppstart januar. Har du lyst å bidra som journalist, fotograf, redigering og trykking?? – det er masse kjekt arbeid å lage ei bygdeavis. Me ønskjer primært barn/unge velkomne i redaksjonen – men òg eit par vaksne !

Eg/me er interessert: _____Namn_____Tlf

----------klipp her

KURS I BRUK AV I-PAD eller PC

Er du famlande nybegynnar i bruk av I-PAD eller PC, og lurer på korleis ting virkar på nett? Me kan halde kurs ei helg i vinter, dersom det er nok interesse. Det kan bli sosialt og nyttig, og det gjeld å vere førebudd til fibernettet kjem ☺…ikkje sant?

Eg/me er interessert: _____Namn_____Tlf

----------klipp her

FELLES NYTTÅRSFEST

Me ønskjer å lage ei felles nyttårsfeiring i gymsalen for alle aldersgrupper. Me kan då td ha medbrakt mat til felles buffèt, eller lage middag på skulekjøkkenet. God mat må me i alle fall ha, kanskje litt underhaldning og gode kaker m.m. Ev felles rakettoppskyting.
Nå loddar me stemninga !! Dersom det er nok interesserte vil det bli danna ein komitè som jobbar vidare med nyttårs-ideen.

Eg/me er interessert: _____Namn_____Tlf

----------klipp he

JULEKAKE-BAKING ELLER PÅLEGGSKURS

Me prøver å få til eit eller to felleskveldar før jul; anten kan me lage lammepålegg o.a. hos Silje på Bøen 8 des (bindande påmelding innan 10.nov) eller me kan ha felles julekake-bake-kveld på skulekjøkkenet.

Eg/me er interessert: _____Namn_____Tlf

Pålegg_____Julekaker_____

----------klipp her

Linedancekveld tors 13 nov kl 19; me friskar opp det nokre av oss har lært og lærer vidare til nybegynnerar. Gøy!! Inga påmelding, meir info kjem.

Juletrenning lørd 29 nov kl 17: her er me på jakt etter barn/unge som har lyst å bli med på sceneopptreden. Første øving i gymsalen tors 6.nov kl 18, bli med: SMS til Silje 950 62 607

ANDRE IDÈAR ??

Her har me lista opp ein del ting som kan skje nå utover vinteren, dersom det er nok interesse. Nokre av ideane kom opp som tips på vaffeltreffet me hadde i mars. Men nettopp du har kanskje ein heilt anna idè om noko anna som er enkelt og sosialt å arrangere. Me tek meir enn gjerne imot tips og idèar for å skape sosial møteplasser. Me utfordrar alle og kvar og ein især:

Mitt tips:_____

Namn/Tlf_____

NB !!!

Desse «intresse-lappane» kan de putte inn i ein nyinnskaffa knallgul postkasse som er plassert ved sida av Bygdarådet si oppslagstavle på Skiftukrossen. Denne postkassen er vår nye IDÈ-BOKS ! ALLE som putter interesse-og/eller tips-lappar i denne postkassen er med i trekninga av fin-fine Jøsnesprodukt. De kan sjølvsagt òg melde dykkar interesse eller dykkar tips til bygdaradet@josneset.no. Me ønskjer ALLE MED !!

Elles jobbar me òg vidare med andre idèar som kom inn på vaffeltreffet i mars; m.a. ein ekstra benk på Nesdalsfjellet, aktivitetsløype bak skulen, verdas største vaffel og ikkje minst masse idèar for bruk av skulebygga.

Med helsing BULYSTGRUPPA i Jøsneset Bygdaråd.